



Kunnskapsdepartementet
Barnehageavdelinga

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2859 - 15/755

Saksbehandlar:

Sylvi Ann Hanstvedt

sylvi-ann.hanstvedt@osteroy.kommune.no

Dato:

15.01.2015

Svar på høyring om endringar i Lov om barnehagar

Kunnskapsdepartementet har sendt ut på høyring framlegg om endringar i Lov om barnehagar med tilhøyrande forskrifter.

Det er framlegg om fylgjande endringar:

1. Departementet ønskjer å innføra eit uavhengig tilsyn med barnehagane – og ønskjer å leggja dette til Fylkesmannen.
 2. Departementet ønskjer å presisere heimelen for barnehagen sitt arbeid med dokumentasjon og vurdering.
 3. Barnehagelærar skal erstatte begrepet førskulelærar som fylgje av ny rammeplan for barnehagelærarutdanning.
-
1. Forslaget inneber ikkje noko innskrenking av kommunen si rolle som barnehagemynde og ansvar for tilsyn vil framleis liggja hjå kommunen.
Dette er svært viktig; det er kommunen som kjenner barnehagane og som kjenner dei lokale tilhøva godt. Tilsynet gjev kommunane god kunnskap om sektoren og er eit viktig styringsverktøy for kommunen som lokal barnehagemynde.
Forslaget om å gje fylkesmannen høve til å føra tilsyn med barnehagane i *særlege tilfelle* er positivt. Det kan vera med å fremja legitimitet og unngå ein del uheldige problemstillingar. Likevel må det presiserast at Fylkesmannen si rolle her er *sekundær*, og skal begrensa seg til «*særlege tilfeller*» for eksempel der foreldre/føresette opplever at kommunen sitt tilsyn ikkje har tilstrekkeleg legitimitet eller tillit.
 2. Samarbeidsutvalet ved Valestrand barnehage har gjeve slik uttale til punkt 2:
Samarbeidsutvalet ønskjer ikkje regelmessig testing av barn dersom det vert konsekvensen av det nye forslaget. Vi ønskjer ikkje at barnet skal målast mot gjevne standarder på einskilde områder. Vi ønskjer ikkje ein barnehagekvardag der det viktigaste blir å scora høgt på testar innafor bestemte og utvalgte områder – der dette blir fokus framfor språkleg utvikling/læring og sosial kompetanse gjennom leik og utforsking»
Osterøy kommune meiner det er bra at dokumentasjon og vurdering skal forankrast i Lov om barnehagar § 2, men det blir viktig at det kjem ei tydeleg presisering om kva som skal vurderast og kva som skal dokumenterast.

Post

post@osteroy.kommune.no
Dokumentsenteret
5282 Lonevåg

Kontakt

www.osteroy.kommune.no
Telefon 56 19 21 00
Telefaks 56 19 21 01

Konto
Org.nr. 864.338.712

Det blir svært viktig å skilja mellom krav til dokumentasjon og vurdering i høve pedagogisk praksis - og krav om dokumentasjon og vurdering knytt til det enkelte barn. Barn som treng særleg hjelp og støtte må ivaretakast i samråd med aktuelle hjelpeinstansar og i eit eige system

Dersom forslaget fører til - og vil medføra ei måling av ferdighetar hjå det enkelte barn så er det svært uheldig – og ein vil trengja ei drøfting om dette og KD må syta for ein lengre og grundigare debatt.

Det blir svært viktig å ivareta barna sitt personvern i arbeidet med endringane i barnehageloven.

3. Det er naudsynt med endringar som fylgje av ny forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanninga.

Osterøy kommune er samd i forslaget om at «*barnehagelærer*» erstattar begrepet «*førskolelærer*» i lovteksten som ein fylgje av ny rammeplan for barnehagelærerutdanninga.

Med helsing

Ivar Sandgren
sektorleiar

Sylvi Ann Hanstvedt
spesialrådgjevar

Mottakere:

Kunnskapsdepartementet

Barnehageavdelin
ga